




Journal-post	Nr	Avsendar	Merknad	Kommentar
15/848 1	1	Riksantikvaren distriktskontor Vest	Gjer merksam på at det er fylkeskommunen som representerer kulturminneforvaltninga etter plan og bygningslova. Eventuelle merknader vil bli innarbeidd i uttalen frå fylkeskommunen.	Teken til vitande.
15/974 7	2	Kystverket	I den grad planen omhandler arealdisponering, kommunikasjonar eller trafikktryggleik og tilrettelegging for næringsutvikling er det ein fordel å ha tydeleg fokus på tryggleik og framkome i sjøområda og ikkje berre på land.	Teken til vitande
15/109 14	3	Olaug Hartveit	Saknar eit terapibasseng i kommunen. Det er langt å reise til næraste og dette vil vere ei god investering i folk si helse. Pasientgruppa som har effekt av slik trening er overrepresentert i Osterøy kommune og dette kan bidra til eit rikare og aktivt liv for dei med slik sjukdom med eit terapibasseng i kommunen.	Positivt innspel som vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.
15/119 49	4	Eldrerådet i Osterøy	Eldrerådet vil ta ei aktiv rolle i dette arbeidet på fleire område. Eldrerådet vil tilrå at samfunnsplanen vert organisert som ein meir strukturert «folkeleg deltakande» prosess. Grandaråda vil vera ein god samarbeidspart her. Eit eige tema i planen bør vera <i>frivillighet</i> . Dette er og bør vera eit berande element for alt virke i Osterøysamfunnet.»	Medverknad er viktig vidare i prosessen og positivt at elderrådet vil bidra. Frivillighet: Er vurdert i tema «Fritid og fellesskap», kap 4.5. Teksten er endra for å styrke fokus på frivillighet. Vidare planarbeid vil avgjere om det skal vere eige tema i samfunnsplanen.
15/121 29	5	Fylkesmannen i Hordaland	Meiner det er eit godt planprogram som kunne vore noko styrka på einskilde tema. Dette gjeld m.a : <ul style="list-style-type: none">• Samfunnstryggleik og beredskap: Bør ha visjonar og overordna mål for samfunnstryggleik og beredskap.• Integrering og mangfald: Etterlyser ein meir grundig gjennomgang av temaet. FM rettar særleg merksemd på	Samfunnstryggleik og beredskap: Teke inn som del av sentrale utfordringar og eit felles verdigrunnlag. Visjonar og mål for dette vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.



		Fylkesmannen i Hordaland forts.	<p>bustadbygging og også for grupper som normalt har vanskar med å kome inn på den ordinære bustadmarknaden.</p> <ul style="list-style-type: none">• Natur og miljø: Kunnskap om Osterfjorden sin funksjon for villaksen og forvaltninga av Osterfjorden som nasjonal laksefjord må leggje føringar for planlegginga på Osterøy. Temaet bør difor vere med i samfunnsdelen av kommuneplanen. Resultatet av kartlegging og verdifastsetjing av lokale friluftsområde bør leggest til grunn for kommuneplanlegginga og nemnast under punkt 4.8 Natur og miljø og 4.6 Arealstrategi.• Medverknad: Presiserer at kommunen har særleg ansvar for at barn og unge og deira interesser får ein plass i planarbeidet.	<p>Integrering og mangfald: Teke inn eige tema Integrering og mangfald, kap 4.3.</p> <p>Natur og miljø: Teke inn i tema Natur, kultur og miljø.</p> <p>Medverknad: Teken til vitande.</p>
15/121 65	6	Fiskeridirektoratet	<p>Meiner planprogrammet er godt disponert og gjev god oversikt over kva kommunen ser som hovudutfordringar og kva strategi ein vil nytte innanfor kvart hovudtema.</p> <ul style="list-style-type: none">• Kap 4.6 . Arealstrategiane knyt seg til næring på land men det er ikkje definert målsetting for ønska utvikling av arealbruk i sjøområda.• Kap 4.7 Arbeid og næringsliv manglar omtale av den store sjømatmæringa i kommunen. Stiller spørsmål til kvifor utfordringar og moglegheiter som knyt seg til eksisterande sjømatnæring ikkje er teke opp i planprogrammet.• Medverknad: Viktig at kommunen legg til rette for medverknad frå både fiskeri- og akvakulturnæringa gjennom heile planprosessen.	<p>4.6 Arealstrategi: Tema næring omfattar både næring på land og i sjøområda. Dette vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>4.7 Sjømatnæring.</p> <p>Planprogrammet peikar på nokre næringar men ikkje alle. Vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>Medverknad: Vil ha opne invitasjonar til alle typar næringar.</p>
15/123 47	7	Rådet for funksjonshemma	<p>«Nytt tema i planen bør vera: Trygge trafikkforhold for mjuke trafikantar.»</p> <p>Rådet for funksjonshemma har slik uttale til spørsmål til vurdering i samfunnsplanen under tema: Eit godt og helsefremjande samfunn: ☐ Kva skal vera målsettinga for arbeidet med folkehelse i kommunen?</p>	<p>Trygge trafikkforhold til mjuke trafikantar: Auka fokus på tryggleik i planprogrammet. Teke med under sentrale utfordringar.</p> <p>Folkehelse: Målsettingane og tiltak</p>



		Rådet for funksjonshemma forts.	«Målsettinga må vera universell utforming i alle offentlege bygg.» ☑ Korleis kan me saman leggje til rette for ei betre folkehelse for alle? «Rådet ønskjer eit basseng som er ope heile året. Bassenget må tilfredsstilla behovet i ulike grupper.»	vil verte vurdert i vidare planarbeid.
15/123 48	8	Familiens Hus	Vi i Familiens hus har med stor interesse lest høyringsutkastet til planprogrammet og har følgjande kommentarar: <ul style="list-style-type: none">- Planprogrammet legg vekt på medverknad slik at ein får ei god forankring for planarbeidet og planen. Vi i Familiens hus er enig og vil med dette signalisere ønske om deltaking i prosessen.- 4.2.Eit godt og helsefremjande samfunn syner i 4. avsnitt til at andelen med psykiske lidningar er lågare enn landsnivå, men at andelen med muskel og skjelettlidningar er større enn i landet. Forsking viser at psykiske lidningar ofte kan skjule seg i tala knytt til muskel- og skjelettsjukdom. Det er kanskje grunn til å sette spørsmålstekn ved utsagnet om at det er lågare andel psykiske lidningar enn landsnivå.- Vi vurderer denne planen som viktig forankring for temaplan oppvekst.	Positivt at Familiens Hus ønskjer å bidra i prosessen. 4.2: Innspel teken til vitande.
15/124 28	9	Noregs vassdrags- og energidirektorat	NVE oppmodar om at klimaendringar og tryggleik mot flaum, skred og erosjon vert trekt inn som ein premiss når arealstrategien skal utformast. Kommunen kan og synleggjere samanhengen mellom arealstrategi og plantema natur- og miljø. Omsyn til vassdraga i kommunen kan forankrast i arealstrategien.	Vert vurdert under sentral utfordring: Eit trygt samfunn. Samanheng mellom arealstrategi og natur og miljø: Teken til vitande. Vassdrag: Teken til vitande. Forvaltning av vassdrag teke inn i tema Natur, kultur og miljø kap.4.9.
15/125	10	Annbjørg Bysheim	Eg foreslår å leggja til eit tema om korleis gjera kommunen "venlegare" i	Positivt innspel. Mjuka trafikantar:




Merknader planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel planID 12532015002 1.gangs høyring og offentlig ettersyn

05	Herland Annbjørg Bysheim forts.	<p>høve til mjuke trafikkantar. I mange bygder er det svært liten/ingen plass til gåande og syklande langs vegane. Det er t.d. vanskeleg, farleg og lite kjekt for foreldre å ta ein tur langs vegen med barnevogn eller saman med små born som kan gå sjølv. Det same gjeld personar i rullestol. Eg tenkjer dette er viktig for trivsel i dei ulike nærmiljøa, og at dette er tilhøve som også har betydning for helsa til innbyggjarane i kommunen vår. Eg foreslår også at universell utforming vert vurdert i vidare samanheng enn det som er vanleg, t.d. med tanke på tilrettelegging av ein del turstiar.</p>	<p>Sjå kommentar under nr 7. Universell utforming: Nytt tema teke inn i planprogrammet: «Integrering og mangfald» der det er naturleg at tilgjenge vert vurdert i det vidare planarbeidet.</p>
15/816 5	11 Osterøy industrilag	<p>Meiner planprogrammet er godt men har nokre innspel når det gjeld informasjon, haldningar og fokus. Osterøy vgs skil seg ut med svært lågt fråfall. Spørsmålet bør då heller vere korleis me kan vidareføre dette gode resultatet? Vinkling i planprogrammet bør vere: Korleis kan me styrkje Osterøy sitt særpreg som industrikommune? I planprogrammet kan det sjå ut som om det er ein motsetnad mellom industri og kompetansesarbeidsplassar. Vinklinga bør vere: Korleis styrkje industrien og andre næringar ytterlegare med kompetansesarbeidsplassar? Kompetansesarbeidsplassar og samarbeid med skule bør nemnast og spørsmålet bør vere: Korleis styrkje Osterøy ytterlegare som leiande kompetansemiljø innan CNC og robot? Vegstandard, mobildekninga og breibandtilbodet er svært mange plassar dårleg. Det er omtala i planen men spørsmålet bør vere meir konkret: Korleis betre vegstandard, mobildekning og breibandtilbod på Osterøy? Manglande tilgang på næringsareal bremsar i dag utviklinga i Osterøy kommune. Gode tiltak er på gang men eit spørsmål knytt til arealstrategi må vere: Korleis utvikle gode næringsareal for både eksisterande</p>	<p>Skule: Spørsmål konkretiserer dei som ligg føre i dag og bør vurderast i det vidare planarbeidet. Industrikommune: Målsettingar vil verte vurdert i det vidare planarbeidet. Motsetnad mellom industri og kompetansesarbeidsplassar – ikkje intensjonelt – Teksten justert slik at det ikkje framstår som motsetnad. Styrke industrien generelt og spesifikke miljø – bør vurderast i det vidare planarbeidet. Vegstandard, mobildekning og breiband : Tema omhandla i arealstrategi og vil verte vurdert i det vidare planarbeidet. Næringsareal: Teken til vitande. Vil</p>



			næringsliv og for verksemdar som kan ha nytte av nærleiken til Bergen og transportaksen aust/vest?	verte vurdert i det vidare planarbeidet.
15/126 06	12	Hordaland Fylkeskommune (HFK)	<p>Generelle innspel: Kommunen har utarbeidd eit godt planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel.</p> <p>Areal og transport: Det er viktig at kommunen legg areal- og transportsamordnande prinsipp til grunn i planlegginga. Både for å utvikle eit effektivt transportsystem, velfungerande senter og ein berekraftig arealforvaltning. Dette bør vere satsingsområde i samfunnsplanen.</p> <p>Senterutvikling: Viser til <i>Regional plan for attraktive senter</i> som skal liggje til grunn for senterutvikling.</p> <p>Samferdsel: Fortetting og kollektivtrafikk. Arealbruk og utbyggingsmønster som byggjer opp under dei miljøvenlege trafikkformene er avgjerande for at kollektiv, gang og sykkel skal ta trafikkveksten. Det bør vektleggjast konsentrasjon av bustader og arbeidsplassar i kollektivaksar, rundt sentra og kollektivknutepunkt.</p> <p>Generelt bør det bli lagt opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne bli utført med sykkel (3 km). Eit sentralt mål for Osterøy kommune må vere at fleire vel sykkel, gange og kollektivt framkomstmiddel framfor personbil. Det er heilt sentralt at mjuke trafikantar blir prioritert høgt i planarbeidet framover.</p> <p>Kulturminne og kulturmiljø: HFK er positive til utfordringane som kommunen synleggjer i punkt 4.8 Natur og miljø. Dette må og forankrast i kommuneplanen sin arealdel. Å få laga ein kommunedelplan for kulturminne kan vere ein strategi for å løyse desse utfordringane. Vi meiner at kulturminne bør løftast betre fram i samfunnsdelen, anten som eige tema eller integrert i tittelen på tema f.eks Natur, kultur og miljø.</p> <p>Klima og energi: Kommentaraner er knytt til <i>Klimaplan for Hordaland</i></p>	<p>Areal og transport: Teke inn <i>Regional transportplan for Hordaland (RTP) 2013-2024</i>.</p> <p>Senterutvikling: Teken til vitande.</p> <p>Samferdsel: Teken til vitande.</p> <p>Kulturminne og kulturmiljø: Punkt 4.9 endra til Natur, kultur og miljø for å auke fokus på kulturdelen.</p> <p>Klima og energi: Konstruktivt forslag om å ta inn sentrale deler av Kommunedelplan for klima og energi 2011-2016 som vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>Næring: Teke inn <i>Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017</i> og <i>Strategisk næringsplan for Bergensregionen</i> under regionale føringar.</p> <p>Folkehelse: Tittel endra under regionale føringar.</p> <p>Friluftsliv: Teken til vitande.</p> <p>Sjø og strandsone: Teken til vitande.</p> <p>Andre tema: Teken til vitande.</p>



HFK forts.

2014-2030. Viktig at klimasatsinga i samfunnsdelen blir sektorovergripande og syner att i fleire tema i planen. I så måte bør (Osterøy sin)Kommunedelplan for klima og energi 2011-2016 innarbeidast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Næring: HFK peikar på *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*. Osterøy kommune baserer deler av næringsutviklinga i kommunen på eigarskap i Business Region Bergen AS (BRB) og det er dermed viktig at kommunen er aktiv eigar i BRB. Må difor vere bevisst på den overordna planen *Strategisk næringsplan for Bergensregionen* som legg ambisjonsnivået for ein heil region. Digital infrastruktur er ei viktig føresetnad for utvikling av både privat og offentlig tenestetilbod og som rammevilkår for det lokale næringslivet. Breiband og fiberutbygging er difor ein faktor som må takast med i planlegging på lik linje som anna infrastruktur.

Folkehelse og universell utforming: Rett tittel på plan under regionale føringar er: *Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode leveår for alle*.

Friluftsliv: Miljødirektoratet har utarbeidd: *Kartlegging og verdsetting av friluftsområder*. Det er eit nasjonalt mål at alle kommunar skal ha gjennomført dette kartleggingsarbeidet innan 2018.

Strandsone og akvakultur: Viser her til fråsegn til planprogram for kommunedelplan for sjø- og strandsona 2015-2025 og kontakt i samband med dette.

Andre tema som ein må ta med i det vidare planarbeidet:

- Landskap
- Akvakultur
- Skjelsand
- Vassforvaltning
- Vilt og innlandsfisk



Merknader planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel planID 12532015002 1.gangs høyring og offentlig ettersyn

• Barn og unge sine interesser.				
15/125 77	13	Osterøy Maskin AS	Ber om at Gnr 111 bnr 144, Raknesvågen blir teke inn att i kommuneplanen som bustadområde.	Konkrete arealinnspele vert ikkje vurdert i denne planen.
15/127 23	14	Haus Båtlag	<p>1. Folketalsutvikling Haus Har eit aukande folketal og bustadbygging og me ønskjar at dette vert tatt høve til for at me skal kunna tilby båt plass til alle som har interesse for dette.</p> <p>4. Fritid og fellesskap Det er for Haus Båtlag viktig at det vert tilrettelagt for bebuarane i Haus og omkringliggende bygdar kan nytta sjøen som fritidsarena, og ha eit godt fellesskap i Haus Båtlag. Dette ved at det vert gjeve rom i planane for den auka av plassar ein har trong for, og at me med det kan gje tilbod for andre interessar innan fritidsaktivitetar i og nær sjøen.</p> <p>6. Arealstrategi bustad etc. Ønske om at det vert lagt inn i planen mogelegheit for utvidning av båthavn i tråd med auka innbyggartal og interesse.</p> <p>8. Natur og miljø Haus Båtlag vil at så mange som rå skal kunna ta i bruk og nytta sjøen og naturen i eit sikkert, godt og allmennleg miljø.</p>	Viktige poeng som vert teke opp under tema «Eit trygt samfunn», «Fritid og fellesskap» og «Natur, kultur og miljø». Vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.
15/127 24	15	Bjørn Rønhovde Byggmoteri	Eg er eigar av gardsnr.10/6 i Kårvik. Eigedommen er delvis regulert til næring i dag, eg har følgjande innspel til planarbeidet med samfunnsdelen for Osterøy kommune. Vi har ønskje om å vidareutvikla eigedommen og har trong for at resten av eigedommen og delar av tilstøytande vert regulert til næring som vert sett i fortsettelsen med gjeldande reguleringsgrenser. Området er lite eigna til andre føremål enn næring, men godt eigna til akvakultur p.g.a lite sol etc. Det vil ikkje vera til hinder for andre intresser.	Konkrete arealinnspele vert ikkje vurdert i denne planen.



15/127 56	16	Solberg Mek. Verksted AS	Solberg Mek. Verksted AS ønsker og utvide eksisterende næringsområdet gards nr./bruks nr.31/37 for evt. senere utviding.	Konkrete arealinnspel vert ikkje vurdert i denne planen.
15/127 57	17	Miljøpartiet dei grøne Osterøy (MDG)	<p>Har innspel til utdjuing av enkelte tema og forslag til nokre vurderingssporsmål som førebels ikkje er teke med.</p> <p>Eit godt og helsefremjande samfunn: Førebyggjande strategiar både på systemnivå og meir lokalsamfunnsbaserte tilnærmingar vil kunne ha stor innverknad på folkehelsa. Bør difor ha med: Korleis kan me best førebyggje helsevanskar på Osterøy?</p> <p>Fritid og fellesskap: Saknar tematisering av allemannsretten: Korleis kan me verne om allemannsretten til å ferdast i naturen?</p> <p>Arealstrategi: Saknar tydeleggjering av utfordringa med arealbruk og vern av matjorda: Korleis kan ein sikre at areal vert nytta på ein måte som vernar om lokalmiljøet og matjorda?</p> <p>Konkretisering av eksisterande spørsmål: Korleis kan kommunen få til ei planlagt og skånsam utbygging som tar omsyn til fellesskapet og framtidige generasjonar og som sikrar god folkehelse?</p> <p>Utbetra kollektivtilbod: Avgjerande dersom kollektivtilbod skal bli eit fullgodt reisealternativ til privatbilen: Korleis kan ein utbetre kollektivtransport i kommunen i tråd med innbyggjarane sine reisevanar?</p> <p>Utvikling for folk -ikkje for trafikk: Korleis kan me arbeide for at det vert utvikla bilfrie og trygge samlingsplassar i områdesentra?</p> <p>Servicetilbod der folk bur og ferdast: Korleis kan servicetilbodet på Osterøy strukturerast på ein måte som er mest tenleg for innbyggjarane?</p> <p>Bør jobbe for levande bygder: Korleis kan ein skape og oppretthalde levande bygder?</p> <p>Arbeid og næringsliv: Ønsker problematisering av at fleire bedrifter på Osterøy er leverandør for oljeproduksjon som vil møte på utfordringar etter ei omstilling frå fossil til fornybar energiproduksjon: Korleis skal me sikre ei robust industrinæring som kan handtere og omstille seg til ei</p>	<p>Mange relevante innspel som vil verte vurdert i det vidare planarbeidet. Dette gjeld mellom anna strategiar. Fritid og fellesskap: Tilgang til grønne korridorar og tilgang til sjø og strandsone teke inn i Natur, kultur og miljø kap 4.9.</p> <p>Arealstrategi: Konkrete målsettingar vil verte vurderte i det vidare planarbeidet.</p> <p>Utbetra kollektivtilbod: Punkt om kollektivtransport teke inn i pkt 4.7. Teke inn <i>Kollektivstrategi for Hordaland –utvikling fram mot 2030.</i> under regionale føringar.</p> <p>Bilfrie areal i områdesenter: Tekentil vitande. Vert vurdert i det vidare i planarbeid.</p> <p>Servicetilbod: Spørsmålet om strukturering av servicetilbodet kan verte vurdert i det vidare planarbeidet gjennom spørsmålet om kva samfunnsstruktur Osterøy skal ha.</p> <p>Levande bygder: Både arealstrategi og fritid og fellesskap</p>



MGD forts.	<p>framtid med andre føresetnader? Endre spørsmål til : Korleis kan ein leggje til rette for framtidretta og berekraftig nyskaping i primærnæringane?</p> <p>Natur og miljø: Saknar punkt om haldningsarbeid: Korleis kan kommunen fremje gode haldningar for å sikre ein rein natur fri for forsøpling? Korleis kan kommunen fungere som føregangsmoell og pådrivar for å påvirke befolkninga og lokalt næringsliv i forbruk og åtferd?</p> <p>Saknar vurdering av sjø, oppdrettsanlegg og villaksstammene: Korleis kan me sikre ei berekraftig forvaltning av havressursane og sunne fjordar?</p> <p>Saknar punkt om vern av raudlista artar og berekraftige viltbestandar: Korleis kan me ta vare på artsmangfaldet på Osterøy?</p>	<p>er tema der dette er med til vurdering i det vidare planarbeidet.</p> <p>Arbeid og næringsliv: Teke inn punkt om omstilling og «det grønne skiftet» i planprogrammet.</p> <p>Natur og miljø: Teken til vitande.</p> <p>Sjø, oppdrett og villaks: Teke inn i Natur, kultur og miljø om berekraftig forvaltning av fjordssystem, vassdrag og artsmangfald.</p>
15/127 18 Ungdomsrådet 58	<p>Folketalsutvikling: Kommunen bør arbeida og leggja til rette for å auka folketalet på Osterøy. Det betyr at fleire område bør omregulerast til bustadområde.</p> <p>Oppvekst: Fleire konkrete tiltak lista opp.</p> <p>Fritid og fellesskap: Innflyttarar som kjem frå asylmottak bør få tilbod om bustad i sentrale område. Det er bra at ikkje alle bur på same stad. Konkrete tiltak foreslått.</p> <p>Arealstrategi: Kommunen bør jobba for å betra kollektivtilbodet på Osterøy. Både for å få folk til å bruka meir kollektivtransport av miljøomsyn, og for å avgrensa mengda trafikk og slitasje på vegane.</p> <p>Ungdomsrådet meiner at kommunen bør utbetra alle vegar på øya som treng det. Områda der det er skuleborn bør prioriterast. Under utbetring av vegane bør det lagast til gang- og sykkelveg der det er mogleg. Turområder og landbruksareal utan skog bør vernast mot utbygging.</p> <p>Arbeid og næringsliv: Kommunen bør arbeida for å oppretthalda industri og jordbruk på Osterøy. (Kommunen bør også leggja til rette) for nye</p>	<p>Gode og konstruktive innspel til planprogrammet.</p> <p>Folketalsutvikling: Vil verte vurdert vidare i planarbeidet under fleire tema som folketalsutvikling og arealstrategi.</p> <p>Oppvekst: Mange konkrete forslag som vert vurdert i planarbeidet.</p> <p>Fritid og fellesskap: Teken til vitande. Konkrete tiltak vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>Gang og sykkelveg: blir vurdert under tema «Eit trygt samfunn», «Oppvekst», «Arealstrategi» og «Fritid og fellesskap».</p> <p>Arealstrategi: Punkt om kollektiv teke inn teksten for å styrkje fokus</p>



Merknader planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel planID 12532015002 1.gangs høyring og offentlig ettersyn

		Ungdomsrådet forts.	bedrifter som ønskjer å starta opp (mindre byråkrati, areal). Fleire konkrete tiltak føreslått.	på dette. Vert vurdert i det vidare planarbeidet. Arbeid og næringsliv: Teken til vitande. Konkrete tiltak blir vurdert i det vidare planarbeidet.
15/127 76	19	Trygve Tønnesen	Jeg fikk et tips av en nabo i dag at kommunen hadde sendt ut høringsvarsel om ny kommuneplan om blant annet tilkomst til strandlinje m.m og at siste høringsfrist var satt til 17.mai 2015.Som grunneier, beboer og eier av kaien i Haus vil jeg ikke akseptere at kommunen lager planer som tilrettelegger for offentlig bruk og almen tilkomst til en eiendom jeg har kjøpt samt påkostet store midler. Eiendommen brukes også til næring, herunder både bygninger og kai arealer. Kaiene og tilkomst til kaiene er vesentlig opp mot den næringen som bedrives.	Konkrete arealinnspel vert ikkje vurdert i denne planen.
15/1284 1	20	Gunda Kallestad	Mål: Deling av tankar og ikkje noko meir. Som innbyggjar i kommunen er det gjennom åra tenkt mange tankar om utviklinga i kommunen. Det oppleves uklårt kva mål politikarane har om kommunen si framtid, kva som må til for å nå måla, korleis gjera det, og ikkje minst kvifor det er tenkt slik. Det som er i fokus er kva kommunen ikkje har midlar til/ikkje kan tilby innbyggjarane, medan kva som fungerer er det stort sett stille om. Eg har nemd mange tankar i mitt innspel, og ei kort oppsummering kan vera: Kva vil politikarar og leiinga i kommunen for sine innbyggjarar? Korleis skal det gjerast og kvifor (mål/meining, etikk, verdier, m.v.) Nytinking om tilbod til seniorar God distriktspolitikk, Osterøy er meir enn Lonevåg! Offentleg (kommunalt) språkbruk – til å forstå, eller ikkje?	Viktige spørsmål som er aktuelle å vurdere i det vidare planarbeidet.



			Meir fokus på suksesshistorier frå kommunen si side (til dømes i lokalpressa)	
15/129 63	21	Statens Vegvesen (SVV)	<p>Vurderer at planprogrammet og spørsmåla der dekker dei viktigaste tema for det vidare planarbeidet. For SVV er det viktig at ein prioriterer infrastruktur for gange og sykkel då dette både fremjar trafikktryggleik og meir miljøvenlege og helsefremjande transportformer. Ei auking i aktive transportformer føreset ei arealutvikling som fører til overkommelege avstander mellom bustad, arbeid og andre kvardagsaktivitetar. Trygge tilhøve for born, unge og eldre er særskilt viktig.</p> <p>Arealstrategi</p> <p>Som hjelpemiddel for å svare på spørsmåla under arealstrategi anbefaler vi at det utarbeidast eit strategisk arealkart som del av planen. Denne vil være nyttig for å illustrere korleis kommunen tenkjer at arealutviklinga skal vere. I tråd med nasjonale og regionale føringar blir det då viktig å unngå spreidd bustadbygging, og heller til dømes bygge ved eksisterande knutepunkt og kollektivtrasear. Der det byggast bør det allereie eksistere god infrastruktur for meir miljøvennlege transportformar .</p> <p>Som grunnlag for dette arbeidet, i tillegg til føringar som allereie er nemnt i planprogrammet, anbefaler vi å bruke dokument <i>som Kollektivstrategi for Hordaland og Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest 2013-2016</i>. Statens vegvesen har også utarbeida støyvarselkart for vegstøy langs alle fylkesveggar i Osterøy kommune. Dette kan også vere nyttige å ha i bakhovudet i planarbeidet.</p> <p>Ved spreidd bustadbygging viser vi til kapittel 9 i den nemnde rammeplanen, kor det står at der kommunen ønskjer å legge til rette</p>	<p>Prioriteringar vert vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>Arealstrategi: Teken til vitande.</p> <p>Vert vurdert i det vidare planarbeidet. <i>Kollektivstrategi for Hordaland og Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest 2013-2016</i> teke inn i regionale føringar.</p> <p>Konstruktivt forslag om strategisk arealkart som vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>Støyvarselkart: Teken til vitande.</p> <p>Spreidd bustadbygging: Teken til vitande. Vert vurdert i det vidare planarbeidet.</p>



Merknader planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel planID 12532015002 1.gangs høyring og offentlig ettersyn

		SVV forts.	for at folk skal få busette seg i sitt opphavslege nærmiljø, bør kommunen gjøre ei vurdering av «korleis avkøyrslene og plassering av bygningar vil verke innpå arealdisponeringa og befolkningsutvikling i dei ulike de/ane av kommunen».	
15/130 55	22	Björgvin bispedømeråd	<p>Bispedømerådet står opp om at ein legg opp til ein plan som har berekraftig utvikling som eit berande prinsipp.</p> <p>Björgvin bispedømeråd vil peike på kyrkja sitt arbeid i lokalsamfunnet som eit viktig bidrag i utviklinga av eit berekraftig lokalsamfunn. Sokneråda og Osterøy kyrkjelege fellesråd har ansvar for trusopplæring, for vedlikehald av gravplassane og for å utarbeida mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. Vidare forvaltar dei kyrkjene som i tillegg til bruksverdien også representerer vesentlege kulturminneverdiar.</p> <p>Planprogrammet legg opp til fleire tema, og kyrkja på Osterøy kan medverka på mange måtar. Det gjeld ikkje minst innanfor oppvekst og fritid og fellesskap. Kyrkja tilbyr gode møtestadar for alle generasjonar til eit sosialt, åndeleg og kulturelt miljø. Gjennom frivillige og tilsette gjev kyrkja omsorg for medmenneske, både av førebyggjande og meir «lindrane» karakter (diakonale tenester). Vi er kjende med at det er eit godt samarbeid mellom kommunen og kyrkja, og kyrkja bør også av den grunn nemnast på relevante plassar i planen.</p>	<p>Positivt innspel som er teken til vitande.</p> <p>Fritid og fellesskap: Teke inn nytt avsnitt for å styrkje fokus på frivillege organisasjonar. Døme på ulike organisasjonar som kyrkjeleg fellesråd teke inn i planen.</p>